

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen**
 nasjonalparkstyre

Møtested: e-postbehandling

Dato: 10.04.2015

Tidspunkt:

Innkalling til e-postbehandling av sak til arbeidsutvalet.

Ber om tilbakemelding ved e-post snarast mogleg.

Med helsing

Kari Sveen

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 1/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2015 - Lågtflyging med drone - Filmopptak Haute Route - NRK		2015/2474

Arkivsaksnr: 2015/2474-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 09.04.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	1/2015	10.04.2015

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2015 - Lågtflyging med drone - Filmopptak Haute Route - NRK

Forvaltar si innstilling

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlovas § 48 jf. § 77, gjev Arbeidsutvalet for nasjonalparkstyret dispensasjon for bruk av drone (elektrisk drive fjernstyrt luftfarty) for filmopptak i tråd med søknad av 09.04.15 frå NRK v/ Reidar Gregersen.

Dispensasjonen gjeld med følgjande vilkår:

1. Området er avgrensa til strekninga Gjendesheim – Glitterheim der ein i størst mogleg grad følgjer trase for Haute Route Jotunheimen
2. Tidsrom: 29.-30. april
3. Flyging nær dyr, hekkeplasser og hilokaliter skal unngås.
4. Hald avstand til eventuelle andre turfolk som er i området.
5. Dersom værforhold el.l. gjer det nødvendig å endre tidspunkt, skal SNO v/ Rigmor Solem og nasjonalparkforvaltar ha melding seinast dagen før flyging.

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 9. april frå NRK v/ Reidar Gregersen

Reidar Gregersen, NRK Lillehammer, søker om å få bruke drone med filmkamera i Jotunheimen i samband med opptak av dokumentarfilm om Jotunheimen Haute Route på NRK 1. Opptak er planlagt i området Glittertind-Galdhøpiggen i tidsrommet 29.-30.

april 2015. Planen er å gå direkte frå Gjendesheim til Glitterheim, slik at det er eit avgrensa område

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

Heimelsgrunnlag

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da denne lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon. Eit ubemanna luftfarty (*RPA – Remotely Piloted Aircraft* – etter luftfartstilsynets terminologi), eller «drone», er å rekne som luftfarty. Ubemanna luftfart vert omfatta av regelverket for sivil luftfart.

Forskrift – verneformål

§ 3, pkt. 6.1 setter forbod mot lågtflyging under 300 m over bakken. I og med at flyging med drone er omfatta av luftfartslovverket, legg ein til grunn at også verneforskrifta sine reglar om lågtflyging må gjelde.

Vidare har verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy forbod mot bruk av modellfly og liknande i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Formålet med vern av nasjonalparken er

«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *-----*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen gjev ikkje føringar for dette, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd.

Naturmangfaldlova

§ 48 jf. § 77 opnar for dispensasjon for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig. Begge vilkår må være oppfylt.»*

Det følgjer ikkje av dette at dispensasjon skal gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Vurdering

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre områder å støtte seg på. Det er i 2014 behandla fire slike saker i norske nasjonalparkar. Alle er innvilga, men med avgrensingar m.a. på flyging i helg/ferie. Nasjonalparkstyret for Dovrefjell og Sunndalsfjella har i 2015 gjeve løyve til bruk av drone for naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt og eventuelt tamrein som oppheld seg i området, kan ein ikkje sjå at tiltaket vil verke negativt inn på verneverdiane.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Ein bør derfor unngå område og tider med stor utfart, og det kan såleis vera naturleg å prøve å unngå flyging på helg. I dette tilfellet er opptak planlagt innan eit avgrensa område på onsdag og torsdag, så det skulle ikkje vera store ulemper knytt til tiltaket. Filminga vil formidle ein aktivitet som føregår i nasjonalparken, og Haute Route Jotunheimen blir vurdert å ha potensiale for utvida sesong og positive ringverknader for lokalt næringsliv.

Med vilkår som tek vare på verneverdiane gjevne i verneforskrifta § 1, er det grunnlag for å si at aktiviteten ikkje vil påverke verneverdiane vesentleg. Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12 jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Det er vanskeleg å sjå for seg vesentlege negative effektar, men ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) – er det viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte befinne seg i området. Ut frå ei økosystemtilnærming (§ 10) er det viktig å følgje utviklinga, og ta opp temaet ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruken av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og bør ikkje tillatast for reint personleg bruk som filming for utlegging av videosnuttar av seg sjølv og vennegjengen på YouTube, sosiale media o.a.. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing der kostnader til utbetring bør dekkjast av tiltakshavar (nmf § 11). § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*», og for filmopptak synest drone å vera den mest miljøforsvarlige teknikken som er tilgjengeleg.

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sine forbod mot lågtflyging og bruk av modellfly og liknande for avgrensa bruk i området mellom Gjendesheim og Glitterheim i dagane 29.-30.april.